



Nils Andre Kolås  
Kolåsvegen 133  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1619 - 19/27301

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:  
11.09.2019

## Landbruksak gbnr 107/2 Kolås - Svar på søknad om nydyrkning

### **Saksutgreiing:**

Det vert synt til søknad om nydyrkning, motteke 23.05.2019

### **Dokument i saka:**

- Søknad om nydyrkning m/kart, motteke 23.05.2019
- Uttale frå fylkeskommunen i Hordaland, motteke 21.06.2019
- Uttale frå fylkesmannen i Hordaland, motteke 25.06.2019

### **Saka gjeld:**

Nils Andre Kolås søker om nydyrkning på eigedom 107/2 Kolås. Arealet som skal nydyrkast er på ca 30daa. Området består av myr og er elles omkransa av skog, myr, og utmark. Søkar driv i dag med melkeproduksjon. Garden og anna areal ligg i nærlieken og det nye området vil såleis verta ein god og viktig ressurs. Om ein ser fram i tid vil det nye arealet kunne produsera mykje grovfør i nærlieken av driftsbygningen og i samanheng med auka fokus på matproduksjon i Noreg og få nytta lokale ressursar er prosjektet særstakt positivt.

**Lovverk:** Saka skal handsamast etter forskrift om nydyrkning.

### **Vurdering:**

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt. konflikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomstar. I det siste har også dette med klimagassutslepp knytt til nydyrkning av myr vorte problematisert. Som tidlegare omtalt har saka vore på høyring til regionale kulturmynde.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Området er elles omkransa av skog, myr og beite og øydelegg såleis ikkje noko andre naturtypar. Ved nydyrkning skal det settas igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs



vassdrag med årssikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stilleståande eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skillar seg tydeleg frå omgivelsene.

Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem.

Det positive med dette tiltaket er at ein styrker næringsgrunnlaget i landbruket og Matproduksjonen i Lindås kommune. Det er ei ynskja utvikling.

**Konklusjon:** På bakgrunn av dei fakta og vurderingar som ligg føre gjev ein søkjær løyve til delar av nydyrkinga på gbnr 107/2. Areal merka i kart på ca 10daa vert det gitt løyve til nydyrkning. Arealet merka i kart på ca 20daa er del av eit større myrområde på 107/2 og naboeigedommar. Det vert ikkje gitt løyve til denne delen av søknaden då myrområdet på meir enn 50daa vert verdsett som svært viktig.

**Vedtak:** Lindås kommune v/landbrukskontoret gjev søker Nils Andre Kolås løyve til delar av nydyrkning på gbnr 107/2 Fanebust. Det er kun arealet merka i kart på ca 10daa som det vert gitt løyve til. Arealet på ca 20daa vert det ikkje gitt løyve til. Dersom det kjem fram kulturminne må alt arbeid stoggast, og Hordaland fylkeskommune varslast (telefon 55 23 90 00). Viss tiltaket ikkje er iverksatt innan 3 år frå motteke brev fell løyet vekk.

**Mynde :**

Saka er handsama etter delegert mynde frå Rådmannen.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Med helsing

Øystein Hafnor Kolstad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om godkjenning av plan for nydyrkning gbnr 107/2 Kolås  
Kulturminnefagleg fråsegn - Nydyrkning - gbnr 107/2 Kolås  
Miljøfagleg kommentar - nydyrkning - gbnr 107/2 Kolås

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

Nils Andre Kolås

Kolåsvegen 133      5955

LINDÅS